

## Melding om behov for representant

### Når skal det sendast inn melding om behov for å oppnemne representant?

Kven som har krav på representant, går fram av reglane i lova av 15. mai 2008 nr. 35 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingslova) § 98 a. Lovreglane omfattar for det første personar under 18 år som søker om vern, og som oppheld seg i landet utan foreldre eller andre som har foreldreansvar, dvs. einslege, mindreårige asylsøkjjarar. Det skal nemnast opp representant sjølv om barnet kjem saman med ein vaksenperson, så lenge den vaksne ikkje har foreldreansvar for barnet.

Den einslege mindreårige har også krav på ein representant når han/ho eller dei som har foreldreansvaret, er mellombels eller varig ute av stand til å ta ansvaret for den mindreårige. Foreldra kan f.eks. forlate Noreg, opphalde seg på ukjend stad, eller svikte omsorgsrolla si som følgje av rus, vald eller psykisk helsetilstand.

For det andre gjeld retten til å få oppnemnt ein representant tilsvarende for mindreårige som kan vere utsette for menneskehandel. Dette sjølv om den mindreårige sjølv ikkje søker om vern. Det er likevel eit vilkår at den mindreårige søker opphaldsløyve etter reglane i utlendingsforskrifta om refleksjonsperiode osv. for offer for menneskehandel, jf. utlendingslova § 38.

### Kven skal melde frå om behov for å oppnemne representant?

Lova regulerer ikkje kven som kan melde frå om behov for representant, og det er heller ikkje gitt reglar om meldeplikt i utlendingslova kapittel 11a. Dette inneber at i prinsippet skal det organet som først avdekkjer behov for representant, melde frå. I dei fleste tilfella vil dette vere politiet eller utlendingsstyresmaktene, men kan og vere eit mottak eller ei avdeling på eit mottak kor einslege mindreårige bur. Disse må da snarast melde frå til fylkesmannen når det ligg føre behov for å oppnemne representant. Det er krav om at ein representant er til stades ved dei første samtalane styresmaktene har med den mindreårige, også ved registrering hos politiet. Det vil derfor vere viktig også av omsyn til asylsaka at det så raskt som råd blir oppnemnt ein representant.

Sjå [www.vergemal.no](http://www.vergemal.no) for meir informasjon om representantordninga.

### 1 Person med behov for representant (Jf. utlendingslova § 98 a)

Fornamn:		Fødselsdato:
Mellomnamn:		DUF-nummer:
Etternamn:		
Opphavsland:		Statsborgarskap:
Bustadsadresse:		Dato for innkomst til Noreg:
Postnummer:		Poststad:
Telefon:	Mobil:	E-post:

<b>2 Meldar – informasjon om den som sender inn melding</b>		
Namn på politistasjon/PU, UDI, mottak eller andre:		
Adresse:		
Postnummer:		Poststad:
Telefon:	Mobil:	E-post:
Kontaktperson:		
<b>3 Pårørende – næraste familie og nærstående til personen med behov for representant (fyllast ut ved behov)</b>		
Fornamn:		Fødselsnummer:
Mellomnamn:		
Etternamn:		
Adresse:		
Postnummer:		Poststad:
Telefon:	Mobil:	E-post:
Tilknytning til person med behov for representant:		
Anna:		
Fornamn:		Fødselsnummer:
Mellomnamn:		
Etternamn:		
Adresse:		
Postnummer:		Poststad:
Telefon:	Mobil:	E-post:
Tilknytning til person med behov for representant:		

Anna:		
<b>4 Grunnlag for behov for representant (sett eitt kryss)</b>		
<input type="checkbox"/> Barn (under 18 år) som søker vern i Noreg og er i landet utan foreldre eller andre som har foreldreansvar, eller der dei som har foreldreansvaret, ikkje lenger er i stand til å utøve dette, jf. utlendingslova § 98 a første ledd.		
<input type="checkbox"/> Einsleg mindreårig som søker om avgrensa opphaldsløyve etter særskilde reglar i utlendingslova § 38, jf. utlendingslova § 98 a andre ledd.		
Utdjupande merknader/anna:		
<b>5 Forslag til representant (jf. utlendingslova § 98 c)</b>		
<p>Her har Politiet, UDI, mottaket eller annan meldar høve til å foreslå ein representant. Representanten må vere eigna – dvs. skikka til å ta hand om interessene for personen, kunne leggje fram politiattest og ikkje vere ektefelle eller sambuar med den einslege mindreårige. Representanten skal samtykke i oppnemninga. Om mogleg kan han eller ho samtykke allereie her.</p>		
Fornamn:		Fødselsnummer:
Mellomnamn:		
Etternamn:		
Adresse:		
Postnummer:		Poststad:
Telefon privat:	Telefon arbeid:	Yrke:
Tilknytning til den einslege mindreårige:		
Samtykke frå representanten: <i>Eg samtykker i å representere personen nemnd over i punkt 1.</i>		
Dato:	Stad:	Underskrift frå den ønskte representanten:

**6 Eventuelle merknader eller tilleggsopplysningar**

Her kan ein for eksempel presisere kva ein meiner bør vere oppgåver for representanten.

--

**7 Underskrift**

Dato:	Stad:	Underskrift frå meldar:
-------	-------	-------------------------